



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Lagårdsveien 78, Postboks 59, 4001 Stavanger. E-post: postmottak@fm-ro.sri.telemax.no
Landbruksavdelinga, Klubbgata 1, Postboks 210, 4001 Stavanger

KOPI

Saksbehandlar, direktetelefon
Einar Haualand, 5156 8944
E-post:
einar.haualand@fm-ro.sri.telemax.no

Arkivnummer
471.1
Vår referanse
97/10261-2 EH

Dato
28/4-99
Dykkar referanse
ØT/øts 571.

Sauda kommune

4200 SAUDA

BIRKELAND FYLLPLASS - LØYVE TIL AVSLUTTING, LUKKING OG ETTERDRIFT

Vi syner til plan for avslutting, lukking og etterdrift av Birkeland fyllplass innsendt av kommunen i ekspedisjon av 30.08.96, og øvrig kontakt med fylkesmannen.

Fylkesmannen i Rogaland har nå slutthandsama saka og er komen til at løyve på visse vilkår kan gis. Løyvet med tilhøyrande vilkår følgjer vedlagt dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova §§ 11, 16 og 29, og gjeld i 30 år frå dags dato.

Dei forholda som er vurdert å ha størst miljømessige konsekvensar er regulert i løyvet. Endringar i løyvet skal gjerast skriftleg. Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal melding sendast fylkesmannen seinast 1 månad etter eigarskiftet. Ein gjer merksam på at eigarskifte kan utløysa endringar i løyvet i samsvar med forureiningslova § 18.

Fylkesmannen gjer merksam på at sjølv om visse forureiningsverknader må påreknast som følgje av dei utsleppa løyvet gir høve til, er ikkje Sauda kommune dermed friteken for plikt til å betala erstatning eller vederlag etter granelova, jf forureiningslova § 56.

Vi gjer vidare merksam på at unnlating av å overhalda utsleppsvilkåra er straffbart etter forureiningslova og straffelova.

Sakshandsaming

Sakspapira har ikkje vore lagt ut til offentleg ettersyn. Løyvet blir kunngjort i Norsk lysingsblad, Haugesunds Avis og Ryfylke for kommunens rekning, og lagt ut til offentleg ettersyn i Sauda kommune v/formannskapskontoret.

Fylkesmannen si grunngeving for vedtaket

På grunnlag av Stortingsmelding nr. 44 (1991-92) om tiltak for reduserte avfallsmengder, auka gjenvinning og forsvarleg slutthandsaming av restavfall, har Statens forureiningstilsyn (SFT) fastsett retningsliner til fylkesmannen for handsaming av fyllplassar. Retningslinene inneber m a at det skal stillast krav til forsvarleg avslutting, lukking og etterkontroll av avfallsplassar. Etterkontrollen gjeld utslepp til luft og vatn og resipientkontroll i ein periode på inntil 30 år etter avslutting av fyllinga.

Birkeland fyllplass var i drift frå 1967 fram til 01.10.98. Sauda kommune fekk 18.06.90 løyve frå fylkesmannen til etablering av ny fyllplass på Kviå. Fylkesmannens vedtak av 02.03.94 om tilleggsvilkår for Kviå fyllplass, medførte at kommunen i røynda la planane om etablering av ny fyllplass på is. Kommunen vil nå basera avfallshandsaminga på sorteringsanlegget på Birkeland og har søkt om etablering av komposteringsanlegg.

Fyllplassen blei nytta til deponering av forbruks- og produksjonsavfall, kommunen anslår at fyllinga inneheld om lag 150 000 m³ avfall.

Birkeland fyllplass har ikkje hatt system for sigevassoppsamling i driftsperioden. Dette inneber at sigevatnet har blitt, og framleis blir infiltrert i dei morenemassane fyllplassen ligg på. Dette tilhøvet gjer det vanskeleg å fastsetje vilkår om oppsamling av sigevatn frå fyllinga i etterdriftsperioden, jf retningslinene.

Anslaget for gasspotensialet i fyllinga er usikkert. Noteby antar i sin rapport (43647-1) at potensialet er om lag 25 000 – 50 000 m³. Overflatenære gassmålingar har ikkje registrert utslepp av metan, men syner anaerobe tilhøve. Det er i løyvet stilt krav om nærare undersøking for å klarleggja omfanget av gassproduksjon i deponiet.

Vedtak om bortfall av forureiningsgebyr

Fylkesmannen fastsette i vedtak av 21.12.95 forureiningsgebyr tilknytta fristar for lovleg mottak av avfall på fyllplassen og innsending av plan for avslutting, lukking og etterdrift. Av ulike grunnar blei fristane bare delvis overhaldne, men fylkesmannen finn det likevel rett å frafalla påløpte forureiningsgebyr med heimel i forureiningslova § 73, siste ledd.

Fristar som gjeld

Tiltak	Vilkår i løyvet	Frist
Endeleg tildekking	3.2	1. juli 1999
Undersøking gassproduksjon	3.3	1. oktober 1999

Ansvarsforhold m v

Sauda kommune er ansvarleg for at anlegget blir drive i samsvar med løyvet.


Dette løyvet frittek ikke Sauda kommune for innhenting av andre løyver for andre sider ved verksemda. Løyvet frittek ikkje anleggseigar for erstatningskrav etter dei almenne erstatningsreglane, jf fouereiningslova § 10, andre ledd og kap. 8.

Rett til klage

Løyvet og vedtak i dette brevet kan påklagast til SFT innan tre veker frå melding om avgjerda er motteken. Mogleg, grunngjeven klage skal stilast til SFT, og blir å senda Fylkesmannen i Rogaland.

Med helsing


Odd Kjos-Hanssen
fylkesmiljøvernsejef


Marit Sundsvik Bendixen
seksjonsleiar

Vedlegg:
Løyvet med vilkår

Kopi m/vedlegg:
Leif Olav Birkeland, Birkeland, 4200 Sauda



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Løyve til avslutting, lukking og etterdrift av Birkeland fyllplass

gitt med heimel i lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, med seinare endringar, §§ 11, 16 og 29. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysingar gitt i kommunens avsluttingsplan av 29.08.96, og opplysingar framkomne under handsaming av saka. Vilkåra er gitt på side 2 til og med side 3. Endringar som konsesjonshavar ønskjer å foreta i høve til desse, må vera avtalt med fylkesmannen på førehand.

Med heimel i omgjeringsreglane i forureiningslova § 18, kan fylkesmannen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setja nye vilkår, og om naudsynt kalla løyvet attende. I alle høve kan løyvet kallast attende eller endrast når det er gått 10 år etter at det er gitt.

Løyvet gjeld i 30 år frå dags dato.

Anleggsdata:

Anleggseigar: Sauda kommune
Anlegget si lokalisering: Gnr. 45, bnr. 7, Sauda
Poststad: 4200 Sauda
Kommune: 1135 Sauda

Fylkesmannen sin referanse: 97/10261-2 EH 471.1

Dato:

28/4-99


Odd Kjos-Hanssen
fylkesmiljøvernssjef


Marit Sundsvik Bendixen
seksjonsleiar

1 Juridiske vilkår

1.1 Underlag for løyvet

Dette løyvet er basert på følgjande lover og forskrifter:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) av 13.03.1981 med seinare endringar.
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) fastsett ved kgl. resolusjon 06.12.1996.

1.2 Forureiningsgebyr

Med heimel i forureiningslova § 73 kan fylkesmannen fastsetja forureiningsgebyr til staten for å sikra at tiltak pålagde i samsvar med løyvet blir sette i verk.

1.3 Brot på vilkåra

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart i medhald av forureiningslova kap. 10, hvis ikkje forholdet blir påtalt etter strengare straffereglar.

2 Anlegg

2.1 Lokalisering

Birkeland fyllplass ligg på eigedomen gnr. 45, bnr. 7, Sauda. Fyllplassen ligg mellom Rv 520 og ei bratt fjellsida, og med svakt fall frå vegen og inn mot fjellsida.

2.2 Utforming

Fyllingsområdet ligg i djupe sand- og grusavsetningar og har eit areal på ca. 29 mål.

Deponering av avfall starta lengst nordaust i fyllingsområdet. Avfallet blei i byrjinga lagt direkte på opphavelag terreng, seinare blei det gravd ut grus og steinmassar før deponering av avfallet. Djupna i deponiet aukar mot sørvest til 6 – 8 meter.

Kompaktor har ikkje vært nytta før 1993. Dekkmassane varierer i tjukkeleik frå 0,5 – 1,0 meter. Størtseparten av arealet er gjensådd og blir nytta til landbruksformål.

Overflatevatn frå fjellsida og fyllplassen blir ført ut av området i ei naturleg nedsenking langs fjellsida. Det er ikkje botntetting eller sigevassnett i nokon del av fyllinga. Tidlegare undersøkingar i området tyder på at grunnvassnivået ligg om lag 15 meter under terreng (om lag kote 90).

Sauda kommune anslår total mengd deponert avfall i fyllinga til omlag 150 000 m³.

3 Tekniske vilkår

For å sikra oppfyljing av krava som er stilt i løyvet skal naudsynte tekniske tiltak setjast i verk.

3.1 Vern mot vassforureining

3.1.1 Handsaming av overvatn

Overvatn frå fjellssidene langs fyllinga skal så langt råd er leias utanom fyllinga ved t.d. grøfting.

3.1.2 Handsaming av sigevatn

Det blir ikkje stilt krav om særskilde tiltak for handsaming av sigevatn.

3.2 Planering, forming og tildekking

Avfallsfyllinga skal ha ei utforming og tildekking som sikrar at nedbør og overflatevatn i minst mogleg grad kan trengja inn i fyllinga, jf søknad.

Endeleg tildekking skal utførast slik at mogleg oppsamling og utnytting av deponigass kan finna stad, jf vilkår 3.3.

3.3 Vern mot gassutslepp

Etter at fyllinga er endeleg planert og tildekka, jf vilkår 3.2, skal det setjast i verk undersøking for å klarleggja omfanget av gassproduksjon i deponiet. Undersøkinga skal utførast av kompetent faginstans, som skal godkjennast av fylkesmannen på førehand.

Syner undersøkinga at det er naudsynt, kan fylkesmannen på eit seinare tidspunkt stilla krav om oppsamling og avbrenning, evt. anna utnytting av deponigassen for å verna ytre miljø.

3.4 Vern mot ulemper for nærmiljøet

I etterdriftsperioden skal ulempene for nærmiljøet avgrensast så langt råd er, dette gjeld m.a. flygeavfall og skadedyr.

3.4.1 Inngjerding

Nåverande inngjerding skal haldast vedlike inntil vidare. Når planering og tildekking av deponiet, og gassundersøkinga er avslutta, vil fylkesmannen ta stilling til spørsmålet om fortsatt inngjerding.

3.4.2 Rydding

Når avfallsfyllinga er førebels tildekka skal det setjast i verk ein ryddeaksjon i nærområdet til fyllplassen for for å fjerna flygeavfall m.v.

